



Nynorsk kultursentrum

Langtidsplan for forskning 2020–2022

| | |
|---|---|
| 1 Vedtak..... | 2 |
| 2 Mål og tiltak frå strategisk plan | 2 |
| 3 Målekriterium | 2 |
| 4 Status og utviklingstrekk..... | 2 |
| 5 Mål og tiltak | 3 |
| 6 Økonomiske og administrative konsekvensar | 3 |

1 Vedtak

Styret vedtek langtidsplanen med dei merknadene som kom fram i møtet.

2 Mål og tiltak frå strategisk plan

5.1 Nynorsk kultursentrum bidreg til ny kunnskap om nynorsk språk og litteratur

- a. Stiftinga deltek i forskingssamarbeid med museum, bibliotek, universitet og høgskular.
- b. Frivillige og profesjonelle frå felta vi utviklar kunnskap om deltek i kunnskapsutviklinga.
- c. Det blir kvart år arrangert seminar som fører til forskning på relevante emne.
- d. I 2025 har fem tilsette forskingstid og minst éin tilsett førstekompetanse.
- e. Kunnskapen og samlingane blir så langt råd er publiserte på opne lisensar.

3 Målekriterium

- Vitskaplege publikasjonar av egne tilsette
- Andre faglege publikasjonar og innlegg
- Deltakarar forskingsseminar
- Kvalifiserte tilsette som konservator NMF, førstekonservator NMF og PhD

Måla blir fastset i samband med budsjettarbeidet.

4 Status og utviklingstrekk

Forskning i museumssektoren

Formidling, forskning og forvaltning er kjerneoppgåvene til musea. I samband med museumsmeldinga blir det greidd ut nye tiltak for å styrkje forskinga ved musea. Nynorsk kultursentrum er kjend med at det med anna blir greidd ut fagfelleverderte utstillingar, nærmare kontakt med universitets- og høgskulesektoren og at målet frå humaniorameldinga om høve til å registrere museumsforskning i Cristin framleis er ved lag.

Forskingspolitik for Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum vedtok i styresak 43/2019 forskingspolitikk for stiftinga:

Kunnskapsproduksjonen i Nynorsk kultursentrum skal vere basert på vitskaplege metodar og teoriar og føre fram til formidling til ei bestemt målgruppe eller eit allment publikum.

Forskinga i Nynorsk kultursentrum skal ha ei klar problemformulering og følgje opp formålet til stiftinga og mål om kunnskapsproduksjon i ulike langtidsplanar.

Prosjekt blir godkjent av nærmaste leiar ved oppstart av prosjektet. Forskings- og samlingsgruppa skal drøfte problemformulering, skisser og aktuelle problemstillingar før prosjektstart og undervegs.

Konservatorar og andre tilsette kan ha fast avsett forskingstid. Nærmaste leiar fastset reise-, litteratur- og materiellbudsjett for kvart forskingsprosjekt.

Kunnskapsproduksjonen skal vere basert på vitskapleg metode, ha teoretisk forankring, ha dokumentert kjeldebruk og følgje vitskaplege krav til referansar. Forskinga skal følgje juridiske og etiske retningslinjer for forskning, opphavsrett og personvern.

Eit forskingsprosjekt er ikkje rekna som avslutta før det har ført til publisering. Publiseringskanalar kan til dømes vere utstilling, katalog, føredrag, artiklar, bøker, fagfelleverdert artikkel eller digitale verktøy.

Prioriterte emne

Nynorsk kultursentrum prioriterer forskning som fører til auka kunnskap om eigne samlingar, forskning som er relevant for aktuelt utstillings- og formidlingsarbeid og om emne i nynorsk skriftkultur, motkulturar, litteratur, journalistikk og språk. Deltaking i formelle forskingsprosjekt skal vere prioritert dersom institusjonen vår er ein av søkarane/samarbeidspartane.

5 Mål og tiltak

Forskningskompetanse

Nynorsk kultursentrum skal auke forskningskompetansen og på den måten sikre høg kvalitet på kunnskapsformidlinga frå institusjonen.

1. I 2025 har fem tilsette forskningstid og minst éin tilsett førstekompetanse.
 - a. Frå 2020–2024 prøver stiftinga ut ordninga med ei forskar II-stilling
 - b. Det blir laga kompetanseplanar med mål om å kvalifisere tilsette som konservator NMF og førstekonservator NMF.
 - c. Tilsette med frikjøpt tid til å fullføre masteroppgåve får frikjøpt tid også i etterkant til å førebu eit nytt forskingsprosjekt med mål om publisering.
 - d. Stiftinga skal så langt råd er leggje til rette for at tilsette kan søkje PhD-utdanning.
 - e. Det blir frå 2023 vurdert ei ordning med vikarfrikjøp i alle stillingar for forskingsprosjekt med storleik 10–40 prosent.
2. Stiftinga utviklar kultur for metode, teori og tilbakemeldingar i stiftinga.
 - a. Det blir sett av tid til tilbakemeldingar på tekstar, idear og prosjekt.
 - b. Det blir sett av tid til å diskutere aktuell forskning om ulike emne.
 - c. Ved utstillingar, jubileum, DKS-produksjonar skal blir det vurdert å bruke forskning som metode i kunnskapsproduksjon og evaluering.

Forsknings samarbeid

3. Nynorsk kultursentrum deltek i samarbeid med museum, høgskular og universitet
 - a. Våre tilsette deltek i forskargrupper ved Høgskulen i Volda
 - b. Nynorsk kultursentrum etablerer fast avtale med Universitetet i Sørøst-Noreg frå seinast 2021.
 - c. Vi er med i strategiske forskings samarbeid med aktuelle museum ved høve
 - d. Nynorsk kultursentrum tek i 2023 initiativ til eit felles forskingsprosjekt der alle tilsette med forskningstid i Nynorsk kultursentrum deltek.
4. Nynorsk kultursentrum tek initiativ til forskning på eigne emne og prosjekt
 - a. Det blir sett av ressursar til å vidareføre Nettverk for poetisk tenking og med sikte på å få til fagfelleverderte publikasjonar i etterkant av seminarar.
 - b. Nynorsk kultursentrum tek initiativ til eit eige seminarnettverk med journalistikk som emne etter modell frå Nettverk for poetisk tenking.
 - c. Nynorsk kultursentrum er med som part for eit internasjonalt Jon Fosse-seminar.
 - d. Nynorsk kultursentrum registrerer i 2020 aktuelle masteroppgåvetema i Vitenskapsbutikken ved UiO og til andre aktuelle einingar.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Planen føreset at tilstrekkeleg tal tilsette har høg nok kompetanse og avsett tid til forskings- og utviklingsarbeid. Det må også vere sett av midlar til publiseringstøtte.